



Ivar Gundersen på området som han har kjøpt av Dagestad. (Fotot: Ola Matti Mathisen)

**Ivar Gundersen, som nyleg har kjøpt eit fem mål stort område like ovanfor Uskedal Trelastlager av Kjetil og Kristian Dagestad, går no vidare med tomteprosjektet sitt.**

Prosjekt Konsult Kvinnherad AS har på vegne av Gundersen søkt kommunen om løyve til oppstart med utarbeiding av privat reguleringsplan for boligfeltet. Området er avsett til bustadføremål i kommunedelplanen. Gundersen skal selja tomtene.

Han har kalla området for ein "indrefilet" i Uskedalen og meiner det skal vera mogeleg å innpasse 6-8 bustader på det nesten flate feltet, som har fin utsikt mot Storsundet. Kjetil og Gunn Dagestad har halde att halvtanna dekar av eigedomen og skal framleis bu i det som vart kalla "Arnesen-huset".

Av Ola Matti Mathisen